

## SØKNAD OM INNFØRING I MANNTALET

For å kunne stemme ved valet må du vere innført i manntalet. Norske statsborgarar busett i utlandet, som ikkje har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg i løpet av dei siste ti åra før valdagen, må søkje om innføring i manntalet for å kunne stemme ved valet.

Søknadsskjema om slik innføring er trykt på omslagskonvolutten som blir brukt ved førehandsstemming utanriks, på Svalbard og Jan Mayen. Du kan også bruke skjemaet nedanfor om du vil. Vil du heller skrive eit vanleg brev, må du hugse å få med dei opplysningane det blir spurt om i dette skjemaet.

Søknaden må ha komme inn til valstyret i den kommunen du sist var registrert som busett i Noreg, innan kl. 17.00 etter valdagen, altså innan **12. september 2023 kl. 17.00**.

Har du vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg nokon gong i løpet av dei siste ti åra før valdagen, blir du automatisk innført i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Noreg.

<b>Søknad frå norsk statsborgar i utlandet om innføring i manntalet</b>	
Til valstyret i ..... kommune	
Underteikna stemmebrettiga norske statsborgar søker med dette om å bli innført i manntalet for kommunen ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023.	
Fullt namn (og eventuelt tidlegare namn): .....	
Fødselsnummer (11 siffer): .....	
Eg har tidlegare stått innført i norsk folkeregister, siste gong i ..... kommune, inntil ..... (dag, månad, år)	
Den nøyaktige adressa mi der var da ..... .....	
Eg forsikrar at eg framleis er norsk statsborgar. .....	
(dato)	(veljaren si underskrift)